

# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2018 50. årg.



*Kløverblad er eit gammalt kristent symbol for treeininga*



Etter skuletid - herleg fri! side 4



Fjellveke for seniorar side 8



Treeininga og ... side 10



Trusopplæring side 12

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19

Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg tlf. 51 77 03 77

Assisterende kyrkjevevjer: Siri Vik tlf. 906 43 758

Vikar kyrkjev.: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

Kyrkjevevjer: Olav Vegard Søyland (sjukmeldt)

### Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Klokkar: Olav Njølstad Egeland

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærer Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481

Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 926 55 645

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 959 29 283

Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909

Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:

**[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: [time.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:time.soknerad@time-kyrkja.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@time-kyrkja.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:undheim.soknerad@time-kyrkja.no)

## Til ettertanke

### Vi er forvaltarar

I går var hovudoppslaget i Dagsrevyen ein reportasje frå den store strandrydde-dagen. Dagen før fronta NRK «Heile Noreg ryddar». Kamp for skaparverket og for rettferd har djupe røter i kristen tru.

Jorda og alt som fyller henne høyrer Herren til. Vi er forvaltarar. Vi er sette til å gjø jorda vidare som ein betre stad.

Pave Frans har samla dette engasjementet i ei bøn: En bønn for vår jord

*Allmechtige Gud, du er nærværende i hele universet og i de minste av dine skapninger.*

*Du omfavner med mildhet alt som eksisterer.*

*Utgyt over oss din kjærlighetskraft, så vi kan beskytte livet og skjønnheten.*

*Fyll oss med fred, så vi kan leve som brødre og søstre uten å skade noen.*

*O, Gud for de fattige, hjelp oss å redde de forlatte og glemte på denne jord, så dyrebare i dine øyne.*

*Skjenk oss helbredelse i våre liv, slik at vi kan beskytte verden og ikke tære på den, slik at vi kan så skjønnhet, ikke forurensing og ødeleggelse.*

*Berør hjertene til dem som bare ser profitt på bekostning av de fattige på jorden.*

*Lær oss å oppdage hver tings verdi, å bli fylt med ærefrykt og ettertanke, å erkjenne at vi er dypt forenet med alle skapninger mens vi er på vei mot ditt uendelige lys. Vi takker deg for at du er med oss hver dag.*



Gunnar Frøyland

*Vi ber deg, gi oss mot i vår kamp for rettferd, kjærlighet og fred. (Pave Frans, Laudato si-Lovet være du- Encyklika 2015. Sitert etter Erling J. Pettersen, i Gud sett nedenfra. 2016).*

Paulus' sine ord i brevet til kolossarane hjelper oss å tenkja vidare:

*Han er biletet av den usynlege Gud, den førstefødde før alt det skapte.*

*For i han vart alt skapt, i himmelen og på jorda, det synlege og det usynlege, troner og herredøme, makter og åndskrefter – ved han og til han er alt skapt.*

*Han er før alt, og i han blir alt halde saman.*

*Han er hovudet for kroppen, som er kyrkja.*

*Han er opphavet, den førstefødde frå dei døde, så han i eitt og alt skal vera den fremste.*

*For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen.*

Kol 1,15–20

Gunnar Frøyland

**Framsida: Foto: Pixabay - Kløverblad er eit gammalt kristent symbol for treeininga**

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 30. august 2018.

Neste nr. kjem ut ca. 27. september 2018.

# Min salme

## Eg har høyrte om ein stad

*Eg har høyrte om ein stad i det høge,  
over falmande jordiske rike,  
med ein herlegdom heilt utan like  
og ein gong, tenk, ein gong er eg der !  
Halleluja! I fryd må eg syngje !  
Halleluja! Eg går til den staden,  
og om mykje på jord vil meg tyngje,  
er mi von at eg trygt skal nå heim.*

*Eg har høyrte om eit land utan tårer,  
utan naud, utan sorger og strider,  
utan sjukdom og tyngjande tider,  
og ein gong, tenk, ein gong er eg der !  
Halleluja! Der jublar vi alle !  
Kvar ei synd og all tvil er då borte !  
Aldri meir skal eg snuble og falle,  
eg er heime, ja, heime hos Gud !*

*Eg har høyrte om den snøkvite drakta,  
og om glans frå ei skinande krone,  
eg har høyrte om den tallause slekta,  
og ein gong, tenk, ein gong er eg der !  
Halleluja! Den heilage ande  
let meg høyre den himmelske songen !  
Det gjev trøyst i all våde og vande,  
for eg veit eg skal snart vere der !*

"Denne songen tykkjer eg er ein av dei finaste me syng. Ein song som me kan syngja både på gode og mindre gode dagar."

## Arne Gravdal



Arne Gravdal er pensjonist og bur på Lye. Mange kjende han som banksjef i Time Sparebank. Han er nå med i mannskoret Frimenn.

Denne songen tykkjer eg er ein av dei finaste me syng. Ein song som me kan syngja både på gode og mindre gode dagar.

Det finaste med songen er nok dei tankane ein gjer seg om den "stad i det høge". Det er dette som er vårt mål.

Me syng denne songen mange gonger som avslutnings-song i Frimenn. Det er ei sterk oppleving kvar gong. Merkar òg at folk i salen lyttar og tek til seg den flotte teksten som vart skriven av den svenske salmediktaren Lydia Lithell i 1947. Ho døydd av kreft i 1957, berre 48 år gamal. Songen er omsett til 11 språk. Norsk versjon ved Åge Haavik.

## Miljø, møteplass og misjon



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Opningstider: Måndag stengt.  
tysdag-fredag 10.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00  
**2. juli – 4. aug. :**  
tysdag-fredag 11.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00

### Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Opningstider:  
måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00  
**2. juli – 4. aug. :**  
måndag-fredag 11.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00

### Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys  
Telefon 400 37 151

## Etter skuletid - herleg fri!

Helgedagen er på veg til Bryne kyrkje ein tysdag i april, og går forbi ein livleg gjeng gutar og jenter. "Skal dei same stad som eg, tru?" I kyrkja vert eg motteken av diakon Marit Høie Hetland. Ho viser veg til kjellaren. Her vert eg møtt av pizzalukt og ivrige, glade stemmer. I kyrkjestova



Godt vennskap, pizza og prat

har 18 gutar og jenter møtt opp, klare til nye utfordringar. Dei eg møtte på vegen, var òg vel framme. Det er "Familieliefokus etter skuletid" som skal ha samling.

Sjølv om ungane sprudla av energi både i prat og rørsle, var dei lette å be til bords. Pizza og vatn! Godt påfyll før ei viktig jobbeøkt!

Leiarane diakon Marit H. Hetland og dagleg leiar Bjørn Inge Hauge er oppmerksame og interesserte frå første stund. Bordvers i god Emil-stil vert sunge. God prat og smilande andlet. Vennskap og felleskap veks seg sterke.

"Kva er bra med Etter skuletid?" - Eg blir kjend med andre, får nye venner. Me har det kjekt saman. Eg slepp å gå



Stor konsentrasjon i den viktige samtalen om teksten

heim rett etter skulen - får ha det litt gøy før leksene, får vera med vennene mine. Eg lærer om Gud, les i Bibelen. Me får alltid pizza. Eg lærer å dansa til songar, og eg får læra av andre.

"Kva gjer de på Etter skuletid?" Ungane er klare på

oppdraget sitt: - Me øver til gudstenesta, lagar drama til søndagsteksten, øver på songar, bønner og dans.

Magen er mett, og det er tid for filmsnutt. Filmsnutt frå "Dyrepasserer" er introduksjon til teksten. Ungane har lange auge mot skjermen. Bjørn Inge går så over på teksten om den gode hyrdingen. Han viser Barnebibelen som 4-åringane skal få på søndag. Hemmelegheit: Kanskje skal me ha med eit levande lam!

På spørsmål om dei no er klare til å førebu gudstenesta, svarer dei JA!

Me går no over i det dramatiske hjørne. No gjeld det å sleppa fantasien laus men halda fast på fakta. I denne runden skjer det noko genialt: Bjørn Inge og ungane



Utfordring på ishockeibanen

snakkar saman om teksten, Marit skriv samtalen ned og slik vert dramastykket til! "Jesus leita då det var mørkt. Jesus vart så glad då han fann sauene. Jubel då sauene vart funnen." Ein av gutane tenkjer på den verkelege sauene. "Tenk om sauene seier "bæ" og røper seg? Tenk om han bæsjar?"

Denne samtalen skal gå føre seg i "Sofaen" i kyrkja. Den siste finpussen vert gjort på søndag morgon før gudstenesta. Før den tid har alle fått det ferdige dramastykket på mail slik at dei kan førebu seg litt heime. 4-åringane skal få hjelp til å slå opp og finna forteljinga om den gode gjetaren i sin Bibel.

Det er viktig at ungane kjenner igjen det som vert sagt i samtalen i dramastykket. Dei har ei viktig stemme!

"Familiefokus Etter skuletid" er ei gudstenestegruppe for barn. Her er det viktig at barna opplever at deira innspel vert høyrde og tekne på alvor. Barna bestemmer sjølv kva dei vil vera med på. Ingen skal gjera noko dei ikkje vil



I "Sofaen": Den gode gjetaren leita lenge. Jesus leitar og etter dei som blir borte. "Me må og leita. Bli med!"

Sjølvsagt. For ungane sin tryggleik er det viktig at alt er godt førebudd. Eit viktig prinsipp: Barna melder seg på der dei vil delta. Marit sit derfor med mange ulike namnelister - til drama, bønnelesing, dansing, synging og lystenning.

Så kjem det plutselig besøk. Organist Per Olav vil ha gjengen til å syngja saman med Jungelkoret på gudstenesta. Mange villige songarar melder seg. Dei har gått i Jungelkoret før, kan songane, gir alt på "Inni meg bobler det frem en glede". Tekst og rørsler boblar verkeleg fram! Dei imponerer med songglede og engasjement. Dei vert og minna om at dei er viktige rollemodellar for ungane i koret.

Helgedagen spør òg: "Korleis fekk du høyra om Etter skuletid?"

Eg hørde om det i kyrkja. Vennen min spurte om eg ville vera med. Storesøster mi har gått, så fekk eg òg lyst å gå. Eg har hatt lyst i alle år! Eg hørte det av mamma. Mor mi fann det på Heimesida til kyrkja.

Som avslutning står alle i ring og ber saman, og dei får med seg Velsigninga.

Ungane har no fått mat for lekam og sjel og er klare for lekser og det ettermiddagen elles byr på.

No er det 10 minutt igjen av Etter skuletid, og det er tid til litt lek: ishockey-spel, leikeslossing, dansing.

Sjølvsagt om ungane ikkje kan vera med på gudstenesta dei øver til, kan dei vera med på Etter skuletid. Gruppa er for barn som går i 3. - 7. klasse. Samling kl 13 -15 i kyrkja tysdag før Familiefokus-gudstenesta - omlag ein gong i månaden.

15. april var Helgedagen tilstades på Familiefokus-gudsteneste og kan melda at Etter skuletid fullførte med stil - engasjementet i samtalen i "Sofaen" smitta over på kyrkjelyden, og fleire enn Etter skuletid var på leit etter lammet! Og det beste av alt: Lammet vart funne!

Helgedagen gjekk oppglødd heim både frå besøk på Etter skuletid og frå gudstenesta.

Stor glede og takksemnd over Trusopplæring som fungerer!

Tekst og foto: RJH



Lammet vart funne! Lar du deg finna?

#### TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

#### VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.



## Den apostoliske truvedkjenninga

I Helgedagen sin gjennomgang av Den vesle katekisma er me komne til trua. Luther sette overskrifta: Korleis ein far enkelt kan læra familien sin trua. I norsk salmebok står det: Trua, med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med kven Gud er, og kva han har gjort for oss.

Den apostoliske truvedkjenninga er eit av fem vedkjenningsskrifter i Den norske kyrkja. I tillegg kjem Den nikenske truvedkjenninga, Den athanasianske truvedkjenninga, Den augsburgske truvedkjenninga og Luthers vesle katekisme.

Den apostoliske truvedkjenninga har gamle røter i kyrkja. Allereie før år 150 etter Kristus var Symbolum Romanum i bruk i Roma. Etter som kyrkja spreidde seg utover Romarriket, vart det meir påtrengjande for kyrkjelydane å setja presise ord på trua. Når stadig nye kom til tru og vart døypte, måtte dei kunne greie ut om trua si. Kven er deira Gud til forskjell frå andre gudar og andre tankar og idéar? Truvedkjenninga lydde ved dåpen og i gudstenesta. Den apostoliske truvedkjenninga

hadde funne si nåverande form før år 400 etter Kristus. Den er i bruk i den vestlege kyrkja.

Somme tider gjer einkvan seg lystig over noko som vart bestemt på eit kyrkjemøte. Den apostoliske truvedkjenninga voks fram i kyrkjelydane og blei vanleg i bruk i Vestkyrkja. Den nikenske- (år 325) og Den athanasianske truvedkjenninga (år 451) vart vedtekne på kyrkjemøte. Vedkjenningane er uttrykk for kva kyrkjene i møte med nye spørsmål, kunne vere einige om var kristen tru i tida. Svara dei kom fram til, fann dei gjennom nøye studiar av skrifter, lange samtalar og bøn. Vedkjenninga er ikkje Guds ord, men vitnesbyrd om Gud som kyrkja er samde om.

Når me seier fram truvedkjenninga, blir det fort ord me seier utan at me høyrer kva me seier. Me må hjelpe kvarandre så orda blir lovprising av Gud for den han er. Ofte blir truvedkjenninga sunge som ein lovsong til Gud. Truvedkjenninga seier me fram i undring, takk og tilbeding.

### Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, ...

Jesus sa til læresveinane: «De skal ikkje dra bort frå Jerusalem, men venta på det som Gud har lova» (Apgj 1,6). I ventetida kan me synga: «Vi rekker våre hender frem som tomme skåler. Kom til oss Gud og gi oss kraft frå kilder utenfor oss sjølv» (Norsk salmebok 2013, 678)

Den femtiande dagen etter at Jesus stod opp frå dei døde, var apostlane på ny samla i Jerusalem. Den heilage ande manifesterer seg for dei i kraftig lyd og eldtunger. Apostlane tala, og folk med andre språk høyrde dei tala sine eigne språk. Om folka som høyrde og såg, blir det skrive: «*Dei visste ikkje kva dei skulle tru, og rådvill spurde dei kvarandre: «Kva kan dette vera?»*».

Når me snakkar om Gud, Den heilage ande, då er det vanskeleg å vita kva me skal tru. Me blir rådvill. Då kjem truvedkjenninga oss til hjelp. Me legg merke til at vedkjenninga ikkje gjev seg i kast med å forklara Den heilage ande i seg sjølv. Truvedkjenninga talar om kor Anden er å finna og om kva Anden gjer. *Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, almenn kyrkje.* Anden skapar kyrkja og let seg finna i kyrkja. Allmenn tyder at kyrkja vender seg til alle og er open for alle. Anden bind dei som trur saman i eit samfunn. I dette fellesskapet eller gjennom dette fellesskapet får me tilgjeving for synd, oppstoda av kroppen og evig liv. På same måte som me hentar pakkane våre på postkontoret, er kyrkja, fellesskapet av dei truande, ein utleveringsstad for Guds gåver til vår frelse.

I si forklaring til tredje trusartikkel skriv Luther:

*Om Den heilage ande og korleis han gjer heilag. Kva tyder det?*

*Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han. Men Den heilage ande har kalla meg ved evangeliet, opplyst meg med sine gåver, helga meg og halde meg fast i den sanne trua. På same måte kallar, samlar, opplyser og helgar han heile den kristne kyrkja på jorda, og held henne oppe hjå Jesus Kristus i den eine sanne trua. I denne kristne kyrkja gjev han meg og alle truande dagleg forlating for alle synder. På den siste dagen skal han vekkja opp meg og alle døde, og gje meg og alle som trur på Kristus, eit evig liv.*

Den vesle katekisma, Norsk Salmebok 2013, s1283

Luther minner oss om at korkje vitet vårt eller gjerningane våre kan hjelpa oss til å tru på Jesus. Det er Gud, som av sin eigen godleik gjev oss Den heilage Ande, og ved Anden gjev han oss trua. Korkje tanken eller dei gode gjerningane våre gjev oss tru. Trua er gitt oss av Gud og til Guds ære. Anden kallar oss ved evangeliet. Evangeliet er forteljinga eller budskapen om Jesus som gav livet sitt for syndene våre og stod opp til vår rettferd, eller for at me skal bli sagde rettferdige i han. Det Jesus har gjort for oss, skaper trua i oss. Jesu gåver handlar om sakramenta. Frelsa blir gitt oss i dåpen. Frelsa er vår ved dåpen. Tilgjevinga blir gitt oss i nattverden heile livet gjennom. Han gjev dagleg forlating for alle synder. Han skal vekka opp alle døde. Han skal gje alle som trur på Kristus evig liv.



Botnen i dåpsfatet, Time Kyrkje -Foto: BH

### Eg trur på Den heilage ande, ...

Anden er Talsmannen som kjem med godt bod frå Gud. Han kjem med frelsesgåva og lærer oss å ta imot henne og bruka henne. Truvedkjenninga kallar den som trur heilag. Det er me fordi Gud ved Den heilage ande gjorde oss til sine barn i dåpen. Men me som er heilage vert og helga. Me veks i eit liv, blir forma til eit liv, der me meir og meir liknar på Jesus. Heller ikkje denne helginga har sitt opphav i vår fornuft eller kraft. Det er Den heilage ande som gjer si gjerning i oss, av Guds nåde og til Guds ære.

Anden forstår me ikkje, men bønå bringar han nær.

*Ånd over Ånder kom ned fra det høye,  
evig med Fader og Sønnen en Gud.  
Kom du som sjelene sammen kan føye,  
kom og gjør rede den himmelske brud!  
Kalle, forsamle og Jesus forklare,  
bygge Guds kirke, opplyse hans folk.  
Det er din gjerning, la oss den erfare,  
kom du Guds kjærlighets mektige tolk.*

Johan Nordahl Brun 1786/NoS 1985, 217

Gunnar Frøyland

### Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,  
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

**Eg trur på Den heilage ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen  
og evig liv. Amen.**

## Fjellveke for seniorar



Gjennom mange år har KRIK (Kristen Idrettskontakt) i samarbeid med Normisjon arrangert seniorleirar i Hemsedal. Helgedagen fekk møta 2 tidlegare deltakarar til ein liten prat om kva dette går ut på.

Gro Tengesdal og Signy Time har begge vore på seniorleir før, Signy 2 gonger, og begge har meldt seg på leir denne sommaren óg. Då melder spørsmålet seg: Kvifor? Kva er det som gjer at dei vil vera med på dette?

Grunnane er mange, men kombinasjonen av fine fjellturar og gode bibeltimar er viktig. Turområdet i Hemsedal er vilt og vakkert, med mange flotte toppturar. Fjellturane blir lagde opp på 3 nivå, etter fysisk form. Dei sprekaste, på gruppe 3, går lengst og høgast til fjells, gruppe 2 har tilbod om litt kortare og lettare turar, medan gruppe 1 stort sett går i litt makeleg tempo på grusveg.

Alle gruppene har flinke, unge KRIK-leiarar med

seg. Desse ungdommane er så positive, oppmuntrande og inkluderande på alle turnivåa. Sjøl om det kanskje kan vera mange utfordringar med såpass godt vaksne deltakarar, seier dei at dei gleder seg til desse dagane med den eldre generasjonen. Dei fleste er friviljuge og jobbar gratis.

På desse turane kjem ein nærare inn på andre turdeltakarar. Det er lettare å bli kjende med andre når ein går saman på tur, og mange gode og interessante samtalar finn stad.

Før alle gruppene dreg ut på tur, er dei samla til



bibeltime. Dei to siste åra har Kurt Hjemdal og Svein Granerud kvar sin sommar stått for denne undervisninga. Anfin Skaaheim var tidlegare hovudtalar fleire år, og mange hugsar han med glede. Dette året er det Kurt Hjemdal som skal ha bibeltimane.



Maten på KRIK-senteret er eit kapittel for seg: Sunn, delikat og herleg! Så godt å få gå til dekkja bord og sleppa både planlegging og oppvask! Noko godt og overraskande til kveldsskaffien finn personalet óg tid til.

Overnattingane er plasserte både i hovudbygget og på hytter. For dei som hamna på hyttene, vart det ei utfordring

Foto: Signy Time



å fordela dusjtider, men det gjekk seg til.

Den eine av leirdagane er stort sett heile gruppa på busstur. Siste året var det buss over fjellet, Fanitullvegen, til Flåm, og tur med Flåmsbana. Med på turen var då ei "innfødd" dame frå Hemsedal. Ho hadde mykje interessant å fortelja frå bygda si, om kristenliv, stølsdrift og dyr, og alt

på sin fine hemsedalsdialekt.

Signy og Gro er samde i at turen fullt ut svarte til forventningane. Staden er så fin, atmosfæren er så god. - Det er som å koma heim!

Du finn meir opplysningar om seniorleiren i Hemsedal på KRIK si heimeside: [khh.no](http://khh.no)

Tekst og foto: LHH



Foto: Signy Time

## Eyvind Skeie møtte fullsett kyrkje



Kjell Børge Tjemsland (t v) og Stein Ødegaard var glade for å få Eyvind Skeie (t h) til Bryne kyrkje.

Salmediktaren, teologen og forfattaren Eyvind Skeie heldt foredrag, gode songkrefter deltok og Brynekyrkja var heilt full. Så blei det då òg ein fin og minnerik kveld. Pilegrimskomiteen for Jæren prosti hadde invitert til arrangementet søndag 8.april. Skeie sitt foredrag med tema "pilegrim" var ei rørende historie om ei vandring gjennom livet. Djupt og tankevekkjande, og kvar enkelt kunne tolka dette ut frå eiga erfaring og undring.

Koret Jærklang framførte Skeie-salmar, og det same gjorde solosongarane Inger- Kathrine Kjølleberg, Sol Amelie Fossdal og Mari Ask Helland. Alle salmane og songane denne kvelden var signert Eyvind Skeie.

Jærklang har øvd inn mange Skeie tekstar denne vinteren og våren. Søndag 27.mai framførte koret med musikarar og solistar verket "Visst skal våren komme" i Bryne kyrkje. Teksten er skriven av Eyvind Skeie og tonesett av Sigvald Tveit.

Tekst og foto: RT

## Treeininga og treeiningstida

**Kva meining gjev det at Gud vert framstilt som den treeinige Gud?**

**Kva er poenget med treeiningstida som går frå pinse til advent?**


For det er unekteleg ei rar sak å vera tre og samtidig ein! Men kyrkja vil seia at det er ei god sak!

Det er slik Bibelen lærer oss å kjenna Gud. Det er slik den kristne trua vert framstilt, i vedkjenningar, i katekisme og teologiske lærebøker, i liturgi og lovprisning, i salmeskatt og lovsong, i utsmykning og kunst. Eksempelvis uttrykkjer glasmåleriet i Bryne kyrkje den treeinige Gud sitt lys inn i tida og livet.


Og eksempelvis syng små og store i kyrkjene om «Gud som skapte lyset og livet og meg» til refrenget: «Jeg tror på Gud Fader, jeg tror på Guds Sønn, jeg tror på Den hellige ånd. Så hellig, allmektig, så god imot meg, treeinige Gud, jeg vil lovsynge deg.»

Det er Gud i seg sjølv - i eigenskap, vesen og innbyrdes relasjon av kjærleik - som trua og lovsongen held for å vera treeinig. Og det er som den treeinige Gud at Gud viser seg for oss og handlar mot oss, «så god han er mot meg». Kven er Gud – i seg sjølv og for meg? Jau, Gud er skapar, frelsar og livgjevar. Tre i ein. Treeinig.

Grunnlaget for trua på den treeinige Gud, finn me i Bibelen. Det er slik Gud openberrar seg og gjev seg til kjenne. Eg hugsar at eg som ung var flittig med blyanten



**Scutum fidei - grafisk framstilling av den treeinige Gud**



**Del av glasmaleri Saint Brigid of Kildare Church (Dublin, Ohio) Foto: Wikimedia.**

då eg oppdaga viktige ting i Bibelen. Ei tid plasserte eg trekantar i margin alle stader der formalar og uttrykk plasserte Faderen, Jesus og Anden saman, eller det var uttrykt at Jesus eller Anden utfører slikt som Gud gjer. Det vart mange trekantar!

Dei første kristne fann ikkje ordet treeining i Bibelen, men dei fann realiteten, og den stemte med erfaringa av korleis kyrkja og trua vart til. Særleg synet på Jesus var viktig. I møte med Jesus vart dei første disiplane overtydde om at han var meir enn ein person som hadde ein bodskap om Gud, slik som profetane. Han formidla Gud i sjølv personen sin, i den han var og i det han gjorde. Dette vart grundig stadfesta og utdjupa då han stod opp frå dei døde, og då dei etter himmelfart og pinse erfarte Guds nærvær på ein ny måte, at Gud virka i den enkelte truande og i kyrkja gjennom Den heilage Ande, slik Jesus hadde lova.

Gjennom dei første århundra vart denne trua og trua på at Gud er èin (monoteisme), forma i dei 3 oldkyrkjelege vedkjenningane, den apostoliske, den nikenske og den athanasianske.

Treeiningslæra sameinar alle kristne kyrkjer. Ho er det djupaste me kan seia om kven Gud er, og korleis me kan erfara hans handlingar med oss. Han er Gud over oss (Far), for oss (Son) og i oss (Ande). Me kan erfara

## Milleniumsbandet i Bedehuskirken på Saron

Namnet på lovsangsbandet kjem av at dei fleste i gruppa er fødte i år 2000. Nokre av dei byrja å spela saman då dei gjekk i 8.klasse. I 9.klasse byrja dei å delta på ungdomsgudstenestene. Fleire har vore litt inn og ut av bandet.



I slutten av 10.klasse vart gruppa samansett slik ho er i dag: Håvard Wetteland slagverk, Håvard Haugland piano, Jonatan Hetland bass, Mathias Fasseland gitar, Helene Mjøltnes og Tora Fosså Salte song,

Håvard Wetteland og Håvard Haugland har vore leiarar for gruppa. Frå starten av mai står Håvard Haugland med leiaransvaret aleine.

Lovsangsbandet spelar ved kvar gudsteneste på GN (Gode nyheter), kvar oddetalshelg kl. 20.00. Der høyrer ein frå Guds ord, lovsyng saman og ein kan møte kjentfolk. Etter gudstenesta er kiosken nede i kjellaren open, der ein kan henga, prata, spela eller driva med andre aktivitetar.

Dei samlast ikkje til øving berre for kos og eiga underhaldning, - for det gjer dei òg! Dei veit dei står i ei teneste for Gud i ungdomsarbeidet på bedehuset. I denne tenesta kan dei kjenna på åndeleg kamp, medvitne om at djevlen

motarbeider det dei gjer. Og Håvard H seier vidare: - Me kjenner me får mykje av Gud når me leiar lovsongen på møta og i kyrkja, og at Den Heilage Ande er med i musikken vår og fyller rommet.

For oss som har fått sett og høyra Milleniumsbandet "live", kan me berre takka for at det finst ungdomar som brukar tida si til Guds ære og til å forkynna Jesus til ungdomar på sin eigen alder. Unge, dyktige musikarar og songarar, som saman utviklar seg i ei felles formidling av ei tru som betyr så mykje for dei.

I sommar manglar det heller ikkje på oppdrag. Helene, Håvard H og Mathias skal vera lovsongsleiarar med Familiefokus ei veke på Flämslett i Sverige. Det same gjorde dei også sist sommar

Håvard Wetteland skal vera med som lovsongsleiar på bibelcamping i Lyngdal.

I tillegg til dette skal fleire også vera på Arena med KRIK og på Skjærgaards.

Tekst og bilete: OU



**Håvard W. , Håvard H. og Jonatan H.**

og finna han og hans vilje gjennom natur og vitenskap (Skaparen), gjennom Bibelen (Sonen) og i trua si erfaring (Anden).

Trua på at Gud er treeinig har svært stor relevans. Dei tre «veremåtane» som Gud er og viser seg som, kan hjelpe oss til å halda fast kva som er sann lære om Gud, kva som er sunt kyrkjeliv og kva som er rett å gjera i små og store etiske valg. Å halda fast at Gud er treeinig, er å verna fromhetsliv og kyrkjeskute mot å få einsidig slagside. Å tru

på den treeinige Gud er å halda saman breidda og djupna i trua, slik at alle livsområde og livserfaringar er viktige for livet med Gud og med kvarandre.

Dette siste er poenget med treeiningstida i kyrkjeåret. Så det er berre å prioritera sundagane og driva utviding av ei fulltonande kristentru. For også det kristne livet er treeinig - i tru, håp og kjærleik.

Stein Ødegård

# Trusopplæring i kyrkjelydane i Time



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKIA

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen



Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

## Babysong på Undheim

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen har me



babysong/småsong. Me møtest annankvar onsdag kl 10.30-11.00. Barnehagen er open mellom 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta). Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvær. Det er ei samling igjen i vårsemesteret, 23. mai. Me startar opp igjen til hausten.

## På sporet av Jesus

16. juni ønsker me å prøve eit nytt arrangement for dei som har fylt/fyller 10 år dette året. Me inviterer alle fjerdeklassingar frå Bryne, Time og Undheim til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje kl 1200-



1500. Her vil dei få «møte» fleire bibelske personar som igjen kan fortelje om sine møte med Jesus. Me oppfordrar foreldre, fadarar, besteforeldre og alle som kan tenkje seg å vere med og hjelpe til denne dagen til å ta kontakt med trusopplæringsstaben. Me treng skodespelarar, vaksne/ungdommar til å følgje grupper av barn rundt ei løype,



og me treng nokre til å lage mat. Me trur dette vert ein kjekk dag, der ein får lære meir om Jesus på ein spennande og annleis måte.

## Datoar for samlingane i haust vert:

29/8, 12/9, 26/9, 24/10, 7/11, 21/11, 5/12.

## Småsong på Lye

På Lye forsamlingshus håpar me å halde fram med Lykkeliten open barnehage til hausten. Det vert uansett babysong/småsong ca annankvar onsdag i haustsemesteret, kl 1030-1100.

## Datoar for samlingane er:

5/9, 19/9, 3/10, 31/10, 14/11, 28/11.

## Barnekor

Me har tre kjekke barnekor i kyrkjelydane våre. På Bryne har me Jungelkoret, på Undheim Supermix og på Lye har me Lye barnegospel. Dei som fyller fire år, får invitasjonar til å vere med på Bryne og Undheim, medan på Lye får femåringane invitasjon til å vere med. Oppstart for kora i haust vert august/september.

## Krøllekveld

Treåringane vil få invitasjon til Krøllekveld. Dette er ei enkel ettermiddagssamling der me høyrer om sauene som



forsvann, og om den gode hyrdingen som leitar etter sauene sine. Datoar er ikkje sette, men samlingane vert i september. Me har samlingar i Bryne, Time og Undheim kyrkje. Invitasjonar vert sende ut.

### Barnebibel og adventsklubb

Fireåringane vil få utdelt barnebibel. Datoar for utdelingane er ikkje sette enno. Me deler ut biblane i Bryne-kyrkja, Time kyrkje, Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Invitasjonar vert sende ut. I adventstida får og fireåringane tilbod om adventsklubb. Datoar for dette kjem og seinare.

Andre arrangement i haust er hausttakkefest, Lys vaken, 24Hours-festival og sjølvsgatt konfirmantundervisninga. Meir informasjon kjem i neste utgåve av Helgedagen.

### Deltakarar og medarbeidarar i trusopplæringa

Me ser at det er ein liten nedgang i talet på deltakarar i trusopplæringa. Me ønsker at trusopplæringa skal vere til hjelp og støtte for foreldre og fadarar i den viktige oppgåva ein tar på seg når borna vert døypte: «Saman med

kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for barnet, be for barnet, og hjelpe henne/han til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ho/han kan leva og veksa i den kristne trua.» Me oppmodar til å sende borna til arrangement i trusopplæringa, slik at me som kyrkjelyd kan vere med og bidra til dette.

Me er og svært takknemlege for alle som er med og gjer ein frivillig innsats i dei ulike arrangementa me har. Det er alltid bruk for gode medarbeidarar som kan vere med og gje borna trygge og gode opplevingar i kyrkja. Ta kontakt om det er noko du kan bidra med!

Ragnhild Hanssen



## Strikkekafé

på Lye forsamlingshus  
"Ikkje bare for dei med strikkesetøy"

Strikkekaféen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikkesetøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan handa litt hjelp, **men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.**

Det blir "kafe" med sal av litt mat, og det blir ei lita utlodding.


**Torsdag 20. sep., 18. okt., 5. nov. kl. 19:30**

Sjå eiga Facegook-side for kafeen:

<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

# Norsk salmebok 2013 – Norsk bønnebok - skattar mellom to permar -

NoS - er ei svært smålåten forkorting for Norsk Salmebok 2013, for det er ein skatt me har fått i denne salmeboka. Mellom desse to permane finn me mykje, mykje meir



enn ein salmeskatt med melodiar. Salmane er delte opp i fleire avsnitt. Innanfor kvart avsnitt er dei som hovudregel ordna i kronologisk rekkefylgje ut frå når den opphavelege teksten er skriven. Etter siste salmenummer, 991, kjem det nye avsnitt. Nummer VIII har overskrifta: NORSK BØNEBOK. Der fall blikket mitt ein dag på desse orda:



## PASS PÅ MEG

TV-en står på. Pass på meg Gud. Videoen har stått på. Og Internet. Pass på meg. Det er der i tankane mine. Det er vondt. Det er ekkelt. Pass på meg, Gud.

Oskar Stein Bjørlykke

Eg er av dei som set punktum for dagen etter Kveldsnytt på NRK. Derfor kjende eg meg heime med eingong i denne bøna. Det skaper uhygge og smerte å få det vonde i verda inn i stova med ord og bilete.

- Bøn er mennesket sin fortrulege samtale med Gud. I bøna er me i ei lyttande stille, og det finst vegar inn i denne stilla. Det finst også tekstar som kan hjelpe oss å gå dei - les me i føreordet til Norsk Bønnebok.



Avsnitt VIII i NORSK SALMEBOK finst også i separat utgåve

Bøna Jesus har lært oss, Vår Far i himmelen, har sjølsagt ein sentral plass. Det har også mange bibel- og andre kjerneord om bøn. Bøner for kvar vekedag har fått god plass. Under overskrifta LIV OG FELLESSKAP kjem så mange kortare bøner både frå gamal og ny tid. Ved å bla og lesa/be vert konklusjonen: Livsreise vår har mange stoppestader, stasjonar med ulike namn. Nokon vert gode, skinande minne, andre går i grått eller heilt svart. Bønne-boka gir ord til så mange av desse.

Mange små har fått sovna til kveldsbøn og song gjennom barneåra. Så lærte borna etterkvart sjøl å be og syngja. Sjølv om eg er tilårskomen, kan eg nesten vera i stemninga og høyra: - Kjære Gud, jeg har det godt, takk for alt som jeg har fått. - Nå lukker solen sitt øye, snart

lukker jeg også mitt; vår Fader i det høye, du lukker aldri ditt. -

På ei av dei første sidene vart eg rørt ved å lesa dette ekte og inderlege sukket:

*- Jeg kan ingen bønner,  
jeg vet ikke hvordan jeg skal be  
Jeg bare sier det som det er:  
Jeg trenger at du forstår  
det jeg kjenner inni meg nå.*

Bønn fra Oslo

Dei siste vekene har me lese og høyrte om store ulukker som har ramma familiar i vår region. Det er så hjertesårt å tenkja på dei som har desse situasjonane tett på livet. Me har t.d. fylgt med i nyhetene om Marie frå Stavanger (21) som er sakna i Sør-Afrika, og tragedien der tre familiemedlemmer omkom då ei campingvogn brann på Sokn. I Bøneboka har vår eigen salmediktar, Heidi Strand Harboe, gitt oss ord for slike stoppestader på livsreisa:

HALD OSS FAST

*Herre Jesus Kristus, Guds Son:*

*Du høyrer våre skrik, du merkar våre tause rop,  
du ser våre gråtande sjeler.*

*Møt oss ved grensene for vår forstand.*

*Møt oss i vår djupe avmakt.*

*Lat din kjærleik*

*vera bandet til verda slik ho er.*

*Hald oss fast i di djupe omsorg*

*og fyll oss med mot nok*

*til å møta livet.*

Heidi Strand Harboe

Her blir me minna om at sjølv dei tause ropa når fram. Takk, Heidi! - og takk til alle som har forma bønner til så uendeleg mange stopp gjennom livet.

Norsk Bønebok er også utgjeven som eiga bok.

emb



Vi ønsker å invitere deg til gudsteneste med

## Familiefokus Hausten 2018

Gudsteneste for store og små i Brynekyrkja  
26.08 | 23.09 | 21.10 | 18.11

facebook.com/brynekyrkja | brynekyrkja.no



Vil du gi en gave  
til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



Vi ønsker å invitere deg til

## Øving med Jarle Waldemar

Jungelkoret | Bryne kyrkje | 23. august kl. 17:15

[facebook.com/jungelkoret](https://facebook.com/jungelkoret) | [brynekyrkja.no/jungelkoret](https://brynekyrkja.no/jungelkoret)



Bryne  
Kyrkja



Kvitkløver Foto: Wikimedia



Kvitkløver Foto: Wikimedia



## Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje hausten 2018!

### Program:

Kl.18:00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova

Kl.19:00: Gudsteneste i kyrkjesalen

### Datoar for hausten, merk dei av på kalenderen din:

|        |                                                   |           |
|--------|---------------------------------------------------|-----------|
| Sundag | 9. september                                      | kl.18:00  |
| Sundag | 4. november                                       | kl.18:00  |
| Sundag | 2.desember                                        | kl.18:00  |
| Tysdag | 2. oktober er det hausttakkefest i St.Petri kirke | kl.18:00. |

Kjekt om me er fleire som reiser inn saman. Det er påmelding på denne. Meir informasjon kjem.

**Ser deg i kyrkja! ☺**

Helsing frå Torunn, Trond, Heidi, Elise, Siri og Jofrid



# Torsdags- Treff

I Bryne Kyrkje

H austen 2018

## Målgruppe:

- Pluss/minus 60

## Tid og stad:

- Klokka 14.30-16.30
  - 20. september; 18. oktober; 15. november.
- Samlingane blir i «Kyrkjestova» i kyrkja.

## Kva me vil:

- At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!

## Korleis me skal ha det:

- "Kultur"-innslag (eit tema)
- Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.
- Matøkt, drøps og (stundom) utlodning
- Andakt

## Kven står bak:

Diakoniutvalet i kyrkja har ansvaret.

Ei gruppe står for gjennomføringa:

Åslaug Harbo og Øyvind Lutro, Liv Ingunn og Harald Serigstad, Torunn og Jens Olav Mæland

## Program:

|           |                                                                                                                                                |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 20. sept. | Gro Line Gaudestad:<br><b>«Fotsporet i Det indiske hav»</b> . Glimt frå misjon på Madagaskar.<br>Sal av «englar». Matøkt, sangstund og andakt. |
| 18. okt.  | Kari Ree og Øyvind Lutro:<br><b>«Eple - ikon - myte - mat - og song»</b> .<br>Utlodning, matøkt (sal av eple), sangstund og andakt.            |
| 15. nov.  | Åslaug Høyland:<br><b>«Omsorg for hverandre»</b> .<br>Om våre menneskelege relasjonar.<br>Matøkt, sangstund og andakt.                         |



**Jær Tannlegene**  
Heidi Bøe Honningsvåg  
Jaertannlegene.no | 5148 4800



**JÆRPRINT**  
TRYKK & DESIGN

**aktiv.**

Skal du selge bolig?  
Aktive meglere  
lønner seg!

Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på  
51 77 80 00 / bryne@aktiv.no

Vi meglar frem dine verdier

www.aktiv.no




**BERGENE MASKIN**  
Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne  
**Graving•Transport•Singel•Grus•Solla jord**  
E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no *Arvid Bergene*  
Org.nr. NO 980 557 901 MVA Daglig Leder  
www.bergenemaskin.no Mob. 917 30 249



**HOLMANE Bil**  
Tengsareidv 4, 4373 Egersund  
Tlf. 51 46 19 80  
http://holmanebil.no



**Jeep ISUZU** 



**TOYOTA**  
Fossveien 3, 4373 Egersund  
Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no



**EL-TEAM**  
Elektroentreprenør  
Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40  
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Vår kompetanse - din trygghet



**Sjekk Punkt**  
www.sjekkpunkt.no  
4000 6447  
**LYE BIL AS**  
Prestegårdmarka 1  
4340 Bryne



**JAN REIME BIL & KAROSSERI AS**  
4340 BRYNE, Hålandsveien 37  
Tlf: 51 48 12 00



**Johansen Elektriske as**  
Postboks 510 - 4349 Bryne  
Tlf: 51 48 01 01



**TIME ELEKTRO AS**  
når resultatet er viktig  
Vesthagen 4, 4344 Bryne  
Tlf. 51 77 15 90



**Rogalandshus**



**eikhi**



BYGG  MESTER  
**JENS GERLACH SØRENSEN A/S**



**Aanes Tadm Maskin**  
900 59 966  
www.aanestadmakin.no  
Graving - Løing - Masseflytting

**haver**

Haver Advokatfirma AS  
Øgårdsbakken 3, Bryne  
telefon 51 77 00 50



**PIZZABAKEREN™**  
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00



**SPAREBANKEN SØR**

## Kveldsgudstenesteseie hausten 2018



26.august // Inntrykk frå Afrika

Brit Signe Fuglestad: «Å hjelpe din neste der han er»

Flygelmusikk

23.september // Inntrykk frå Sør-Amerika

Tonje Vilberg Bjerkreim: «Ein Gud som hjelper».

Musikk ved Elim brass

21.oktober // Inntrykk frå Israel/Palestina

Jon Aarsland // Musikk ved Time kulturskule

18.november: // Globale inntrykk frå flyktningar og «Snakkis»

Ivar Johannessen // Musikk ved Marianne Røise og Ingvar Lygren

Velkommen til kveldsgudstenester kl. 19.00 i Bryne-kyrkja med føredrag, god musikk og stille tid med lystenning og nattverd



## Pilegrimsvandringar

I sommar blir det 2 pilegrimsvandringar for heile Jæren prosti langs Kongevegen:

**24. juni 2018 - Jonsok kl. 18.00**

Frå Tusenårsplatsen ved Obrestad Hamn via Hå gamle prestegard, Kristkrossen på Njærheim og «Stille rom» i Obrestad fyr. Vandringsleiar er Roald Byberg. Ta med mat og drikke.



Foto: LWH



Foto: R T

**29. juli 2018 - Olsok kl. 16.00**

Frå Tusenårsplatsen ved Obrestad Hamn til kveldsgudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard (kl. 19.00). For dei som ønskjer det, kan dei slutta seg til vandringa nedanfor Grødalandstunet. Vandringsleiar er Kjell Børge Tjemsland. Ta med mat og drikke.

**Velkomne til å vere med langs ei fantastisk flott pilegrimslei  
- og ein vakker turveg!**



Bryne  
Kto. 3325.20.11906



**Vil du ha MT gratis  
i postkassen?**

Send SMS med **NMSMT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.



Vil du mennesker uten håp skal få en  
fremtid? Vipps din gave til 19333

**TAKK**  
til deg som



UTRYDDER  
FATTIGDOM



DELER TROEN  
PÅ JESUS



BEKJEMPER  
URETTFERDIGHET



**SAMMEN  
FORANDRER  
VI VERDEN**

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)



VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

**ek** Glassmesterforretning  
Einar Knutsen as  
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11  
DØGNSERVICE 971 78 180

**EiendomsMegler 1**

# Skaparverket



Foto: Harald Lygren

## Jærharen

Sjå dei øyrene! Desse flotte "antennene" fangar opp den svakaste lyd, - og det kjem godt med når eigaren kvart sekund må vera på vakt mot fiender som vil eta seg.

Jærharen er ein variant av den vanlege haren, og han held til på Jæren og andre stader langs kysten der vintrane er fattige på snø. I staden for den snøkvite vinterpelsen får jærharen ein gråblå pels, og det er jo eit ganske lurt trekk frå Skaparen si hand. Jærharar som ikkje bur på Jæren, blir gjerne kalla blåhare.

Når fare som rev, hauk, laushundar eller tobeinte jegerar trugar, vel haren ein av to strategiar: Enten å liggja heilt stille i skjul eller å gje gass med dei to kraftige bakføtene sine. Då går det unna, og den som då skal få fatt i han, må vera rask!

Maten er variert plantekost, som om vinteren blir tyngre kost som kvistar og lyng. Haren er ressursvenleg og et si eiga avføring! Slik piner han mest mogleg næring ut av maten. Jærharen formeirar seg fort og får vanlegvis 3 kull i året, og kvart kull tel 3-6 ungar.


Rolf Heskestad

## Det litt muntre hjørnet:



Løysing Helge-  
kryssord - 2/18

## HelgeKryssord - 3/18 (av Gabriel Tengsareid)



Donald MacDonald, frå Isle of Skye, hadde kome inn ved Universitet i Oxford. Han hadde installert seg i nytt husvære. Klanen han tilhørde, var svært oppglødd over at ein av deira eigne endeleg hadde nådd øvste nivå innan utdanning, men dei var litt bekymra for korleis han klarte seg i det «rare landet». Etter ein månad kom mora på besøk med forsterkingar både med whisky og havremjøl.

«Og korleis opplever du desse engelske studentane, Donald?» spurde ho. «Å!», svara han og rista sørgmodig på hovudet. «Dei lagar så mykje støy: Han på den eine sida driv og stangar hovudet i vegg, og vil ikkje stoppa. Han på den andre sida skrik og skrik og skrik til langt på natt.» Men Donald, korleis klarar du å halda ut med desse forferdeleg bråkete engelske naboane dine då?» «Well, eg bare ignorerer dei. Eg held meg bare heilt roleg her på rommet og spelar på sekkepipa mi.»

### Vassrett

1. Handling som uttrykkjer velvilje
5. Bod
10. Gjenbruken
13. Mynt
14. Søl
15. Gi
16. Skurepulver
17. Kipa
19. Lengdeining
21. Renn
22. Krå
23. Bondepolitikar(t)
24. Stad sør for Egersund
27. Flå

31. Fartsauke
36. Tøy
38. Kommune i Rogaland
39. Son av Noah
40. Bergart
41. Bank

### Loddrett

2. Moralen
3. Område
4. Vrang
5. Linjestykket
6. Urøynd
7. Sete
8. Elta
9. Språk

11. Fersk
12. Tilårskomen
18. Renne
19. Fyker
20. Drikk
25. Trylleord
26. Del av Bibelen (omv.)
28. Eldstaden
29. Kikka
30. Dividere
31. Tone (omv.)
32. Dekke
33. Grasmarm
34. Høgtid
35. Misunning
37. Ha pine

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

### Vegen tilbake til Gud

*"For så elska Gud verda at  
han gav Sonen sin, den  
einborne, så kvar den som  
trur på han, ikkje skal gå  
fortapt, men ha evig liv!"  
Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen



Nærradioen  
med godt nytt

Trygghimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

#### Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

Tirsdag: 08.30 - 09.00

Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00

Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.**

## Ynskjer du nokon å snakke med?

*Du er velkommen til å ta kontakt  
med prest og diakon for samtale.*

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)  
tlf. 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518

Diakon Marit Høie Hetland  
tlf. 48 89 69 19

Diakon Jofrid Aarsland Mikalsen  
tlf. 48 89 72 32



Humler og bier treng mat!  
Ta vare på ville blomster i hagen.

Foto: Pixabay



**BLIFADDER!**

[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

25.03.2018: Live Thu Austnaberg, Aron Maudal Nesheim, Ane Tjelle, Oda Tjelle  
22.04.2018: Thalette Hobberstad Nordenborg, Elling Gravdal Risa

### TIME KYRKJE

14.04.2018: Kirsti Ånestad, Tilia Braut, Halvard Kvingedal Fløtre, Amanda Nerland, Sindre Breiland Serigstad  
22.04.2018: Sofie Bjorheim, Thea Werness Frøiland, Emrik Holen, Anna Kristensen

### LYE FORSAMLINGSHUS

18.03.2018: Regine Grude Storlid

### UNDHEIM KYRKJE

25.03.2018: Svend Undheim Buraas, Børild Roland Undheim

### BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

15.04.2018: Noa Øverland Pollestad (Røldal kyrkje), Arvin Salte (Klepp kyrkje), Aksel Pollestad Torvund (Orre kyrkje)

## VIGDE

### UNDHEIM KYRKJE

14.04.2018: Nina Risa og Cato Roaldsøy

### TIME KYRKJE

21.04.2018: Kirstin Julfelt og Kristian Lorentzen Mansåker



Foto: LH



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:  
[diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

## DØDE

Inge Victor Pettersen, Kristoffer Serigstad, Ragnar Johan Auglend, Kåre Hetland, Svend Møller, Else Gurine Olsen, Geir Nielsen, Gudrun Soldal, Anna Haugland, Odd Magne Sirevåg (Ogna), Berit Nilsine Kyllingstad, Odd Mossige, Alf Heskje, Jan Reidar Skipstad, Åslaug Time, Sigfrid Nedrebø, Anbjørn Lindland, John Inge Salte, Tone Garthen, Astrid Haugland

### Begravelsesbyrå



**Obed  
Bryne**

Begravelsesbyrå

[www.obed.no](http://www.obed.no)



**tlf: 51 77 80 80**

24-timers vakttelefon

Skulegata 9, 4340 Bryne

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

**D Ø G N V A K T**  
**51 97 29 00**

Våre medarbeidere på Jæren  
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting  
og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

**STEINAVDELING**  
GRAVMONUMENT  
PLATER

[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

*Aase*  
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

**NOVA**

BEGRAVELSESBYRÅ  
Gjesdal • Jæren • Sandnes

**51 61 04 00**

Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark  
og Møyfrid Hersdal



[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)

## Skyss til gudstenesta

### BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



**GOD SOMMAR**

|                        |                  |                     |                                              |
|------------------------|------------------|---------------------|----------------------------------------------|
| Laurdag 9. juni.       | Time kyrkje      | kl. 14.00           | Dåpsgudsteneste                              |
| Sundag 10. juni        | 3. s. i t.       | Joh. 1, 35 – 51     |                                              |
| Undheim kyrkje/ Brekko |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste/ Kyrkjelydstur. Dåp              |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng                |
| Sundag 17. juni        | 4. s. i t.       | Matt. 16, 24 – 27   |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Nattverd                        |
| Sundag 24. juni        | 5. s. i t.       | Matt. 11, 7 – 14    |                                              |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 1. juli         | Aposteldagen     | Matt 16, 13 – 20    |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 8. juli         | 7. s. i t.       | Luk. 19, 1 - 10     |                                              |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 15. juli        | 8. s. i t.       | Mark. 12, 37b – 44  |                                              |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 22. juli        | 9. s. i t.       | Joh. 8, 2 – 10      |                                              |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 29. juli        | Olsok            | Luk. 9, 23 – 26     |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 5. august       | 11. s. i t.      | Mark. 2, 23 – 28    |                                              |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 12. august      | 12. s. i t.      | Luk. 8, 1 – 3       |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Dåp og nattverd                 |
| Sundag 19. august      | 13. s. i t.      | Luk. 12, 41 – 48    |                                              |
| Lye forsamlingshus     |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Nattverd                        |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Nattverd                        |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng           |
| Sundag 26. august      | Vingardssundagen | Luk. 17, 7 – 10     |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Dåp                             |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste med familiefokus. Nattverd       |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 19.00           | Kveldsgudsteneste. Nattverd og bønnevandring |
| Sundag 2. september    | 15 s. i t.       | Luk. 10, 38 – 42    |                                              |
| Lye forsamlingshus     |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste                                  |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste                                  |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng           |
| Sundag 9. september    | 16. s. i t.      | 1. Peter 4, 12 – 19 |                                              |
| Time kyrkje            |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng             |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Jungelgjeng                     |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 18.00           | Sundagstreff                                 |
| Laurdag 15. sept.      | Time kyrkje      | kl. 15.15.          | Dåpsgudsteneste                              |
| Sundag 16. september   | 17. s. i t.      | Luk 7. 11 – 17      |                                              |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste                                  |
| Lye forsamlingshus     |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste. Nattverd                        |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudstenest. Dåp. Jungelgjeng                 |
| Sundag 23. september   | 18. s. i t.      | Matt. 8, 5 – 13     |                                              |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste med familiefokus. Nattverd       |
| Time kyrkje            |                  | kl. 11.00           | Gudsteneste. Dåp                             |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 19.00           | Kveldsgudsteneste. Nattverd og bønnevandring |
| Sundag 30. september   | 19. s. i t.      | Joh 7, 14 – 17      |                                              |
| Undheim kyrkje         |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste                                  |
| Lye forsamlingshus     |                  | kl. 10.30           | Gudsteneste                                  |
| Bryne kyrkje           |                  | kl. 11.00           | Familiegudsteneste. Dåp                      |